

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
namnesak 2025/196

Vår ref.
25/1197-3/KES

Dato
12.02.2026

Haram kommune – ein del stadnamnsaker – tilråding

Me syner til eit namnesaksbrev som Kartverket skreiv til Haram kommune 14. oktober i fjor og til eit svarbrev som kommunen skreiv til Språkrådet 10. desember.

Saka gjeld desse namna:

- Namnet på bruk 6 på gnr. 410 (Vestre) – aktuelle SSR-registrerte former: *Dysa* og *Døsa*
- Namn på ein støl på gnr. 410 – *Dysasætra* eller *Døsasætra*
- Namn på ein dal på denne garden – *Dysadalen* eller *Døsadalen*
- Namn på nokre haugar på same garden – *Dysahaugane* eller *Døsaahaugane*
- Namnet på bruk 11 på gnr. 309 (Flem) – *Rimma* eller *Rem(m)a*
- Namnet på bruk 112 på same garden – *Rimma* eller *Rem(m)a*
- Namn på ein haug på Fjørtofta – *Kiman(e)* eller *Kjemannen*
- Namn på eit fjell attmed sørenden av Vestrefjorden – *Otrefjellet* eller *Øtrefjellet*

I den gjennomførde høyringa kom det inn fire høyringsfråsegner. (Jf. med dei medsende brevkopiane med namna «Haram kommune – ein del stadnamnsaker – høyringsfråsegn frå Camilla F. Otterlei _ om Rimma _ Rema», «[...] høyringsfråsegn frå Marit og Petter Flem _ Remma», «[...] høyringsfråsegn frå Oddvin Longva _ Døsa» og «[...] høyringsfråsegn frå Otto Lidvar Græsdal _ Døsa og Øtre-».)

Namnet på bruk 6 på gnr. 410

I oppstartsbrevet frå Kartverket står det slik om dette namnet: «Herredsregisteret har oppslagsformene *Døsa* og *Døsadalen*, og oppgitt uttale er /dø:sa/ for begge to. Seternamnarkivet har oppslagsformen *Døsasætra*. Fylkesatlas har oppslagsformene *Dysa*, *Dysadalen* og *Dysasetra*. Uttalen er oppgitt som /dø:sa/ for alle tre. I tillegg er det enda et oppslag for *Dysa* som har registrert uttale med /y/. Første utgave av Økonomisk kartverk har *Døsa*, *Døsaahaugane* og *Døsasætra*. Andre utgave har *Dysa*, *Dysasætra* og *Dysadalen*, men *Døsaahaugane* med ø. I matrikkelen er bruket registrert med navnet *Vestre* (gårdsnavnet). En

informant meldte til Kartverket på e-post i oktober 2025 at den lokale uttalen er /dø:sa/. Vedkommende mener at skrivemåten *Dysa* oppleves som helt feil, og at den også kan utgjøre fare for at den nedarvede lokale uttalen endres.»

Otto Lidvar Græsdal skriv i ei innkommen fråsegn at «Døsa og døsadalen, Døsa setra Døsa haugane er det riktige».

(I ei fråsegn frå Oddvin Longva står det: «Døsa på Longva har i mi tid heitt Døsa.» Longva er namnet på ein gard og ei bygd på Flemsøya, og i den saka me har føre oss her, er det ikkje tale om noko namn i den bygda. (Det nemnde namnet på Longva er ikkje registrert i SSR.))

Det er uvisst om det hokjønnsordet det dreier seg om i denne saka, blir nytta i nemneverdig grad i norsk daglegtale. Ordet er ført opp i Nynorskordboka, då med skrivemåten *dys*. Det hadde same forma i gammalnorsk. Substantivet er nytta med tydingane 'lita steinrøys' og 'gravkammer frå steinalderen'. Frå Haram kommune er det SSR-registrert berre to primærnamn som har utgangspunkt i nemninga *dys*. Det gjeld namnet *Dysjahaugen* på Haramsøya i tillegg til det aktuelle bruksnamnet på garden Vestre. (Nemninga kan tykkjast vera lagd til grunn òg for føreleken i det SSR-registrerte namnet *Dysvikmyra* på Fjærtøfta. Det primære vikonamnet er ikkje lagt inn i SSR. Namnet finst i Fylkesatlas, og den uttaleforma som er førd opp der, er /"dus,vi:Ka/, med /u/ i første stavinga. Føreleken i dette namnet har difor truleg ikkje noko med nemninga *dys* å gjera.)

På nettsida Fylkesatlas er det primære bruksnamnet på Vestre som det er tale om i denne saka, ført opp med både /"dø:sa/ og /"dy:sa/ som uttaleform. Når det gjeld dei registrerte uttaleopplysningane for dei namna som er avleidde av bruksnamnet, syner me til det som står om dette i det avsnittet i oppstarts brevet som me har sitert frå nede på side 1 i dette brevet. Det kan elles nemnast her at det SSR-registrerte namnet *Dysjahaugen* på Haramsøya er ført opp med uttalen /"dysja,hæu:*n/ i Fylkesatlas.

Dys eller *døs*

Skrivemåten med *y* er vedteken i desse namneformene på Vestlandet:

Dysjemyrhaugen (i Samnanger)

Dysvikvegen (i Kvam) (Primærnamnet er registrert med skrivemåten *Dysvika* som eineform.)

Dysjane og *Dysjaholmen* (i Bergen kommune)

Dysjalandvegen og *Dysjalandsvingane* (i Sola kommune) (Primærnamnet er registrert med skrivemåten *Dysjaland* som eineform.)

Dysjaland og *Dysjalandsvegen* (i Hå)

Dysjalandsvågen og *Dysjalandsveien* (i Stavanger) (Primærnamnet er registrert med skrivemåten *Dysjaland* som eineform.)

Skrivemåten med *ø* vedteken i desse namneformene på Vestlandet:

Døshaugneset (i Austevoll kommune) (Primærnamnet er ikkje SSR-registrert.)

Døsjaelva (i Bjørnafjorden kommune)

Døsjevegen (i Øygarden kommune) (Det er noko usikkert om det her er tale om eit primærnamn som heng saman med nemninga *dys*.)

Det vart vedteke i 1992 at det bruksnamnet det er tale om i denne saka, skal skrivast **Dysa** i offentleg samanheng. Me tilrår at ein held fast denne skrivemåten. Me kan ikkje sjå at det i den siste saka har komme til nye moment som ikkje var kjende for stadnamntenesta i 1992. Dei SSR-registrerte avleidde namna bør skrivast **Dysasætra**, **Dysadalen** og **Dysahaugane**.

Namnet på bruca 11 og 112 på gnr. 309 (Flem, på Flemsøya)

I oppstartsbrevet frå Kartverket står det slik om dette namnet: «På samme øy ligger *Midtrimma* og *Legerimma*. Et bruk med navnet *Rimma* ligger på naboøya Haramsøya. Fylkesatlas har oppslagsformen *Remma* og uttale /'rema/. En informant opplyste til Kartverket på telefon i 06.10.2025 at uttalen er /rim:a/, dativ /rim:inje/. Vedkommende mener at skrivemåten *Rema* utgjør fare for at den nedarvede lokale uttalen endres slik at vokalen går mot /æ/, mens den nedarvede uttalen er med /i/ eller muligens åpen /e/. Uttalen /rim:a/ og /rim:inje/ er oppgitt i *Bygdebok for Haram. B. 3: Fjørtofta og Flemsøya/Skuløya*. Økonomisk kartverk har *Rema*. I matrikkelen er *Flem* (gårdnavnet) registrert som bruksnavn på 309/11. Bnr. 309/112 er ikke navngitt.»

I dag er bruksnamnet SSR-registrert med skrivemåten *Rema* som ei godkjend og prioritert form. I tillegg er *Rimma* ført opp som ei føreslegen namneform.

I ei høyringsfråsegn frå Camilla Flem Otterlei er det sitert slik frå ei bygdebok for Flemsøya: «Bruket Utigard vart i 1804 delt i to delar, som sidan fekk namna Rimma og Haugen. Første bygslaren på den halvdelen som vart Rimma (bnr. 11), var Peder Halkjellson som kom frå Øye i Sunnylvn. Rimma har gått i arv frå far til son utan avbrot, så Peder og Kari er opphavet til heile Rimmeslekta.» Otterlei skriv vidare: «Til informasjon så ber fleire gardar på Flemsøy/Skuløy navnet *Rimma*, og samtlige har den felles stavemåten med 'i'.»

I denne saka har det òg komme ei fråsegn frå Marit og Petter Flem. Dei skriv: «Vi er eiere av gnr. 309 bnr. 112 på Flem. Vi har aldri før hørt at noen har uttalt Rema som navn på vår eiendom, det er jo navnet på en butikkjede. Det som er brukt her er enten Rimma eller Remma. Vi bruker Remma som navn på eiendommen. Rema blir helt feil og ikke noe vi kan identifisere oss med.»

Enkel m eller *dobbel m*

Det substantivet som etter alt å dømma er lagt til grunn for det namnet me har føre oss i denne einskildsaka, er ført opp med forma *rim* (f.) og med tydinga 'stong, spildre, sprosse' i Nynorskordboka. Substantivet vart skrive *rim* òg i gammalnorsk. Dei normerte bundne bøyingsformene er *rimma* i eintal og *rimmane* og *rimmene* i fleirtal. Desse formene, med *dobbel m*, er truleg valde til rettskrivingsformer fordi det er mest vanleg her i landet å uttala nemninga med kort vokal, då i ubunden eintalsform så vèl som i dei andre bøyingsformene. Her er ein delvis parallell til det at nemninga *lem* (m.; = 'loft, loftsrom, hems') har dei normerte bundne bøyingsformene *lemmen* i eintal og *lemmane* i fleirtal. (I dette tilfellet er det eit ekstra sterkt grunnlag for å nytta bøyingsformer med *dobbel m* sidan nemninga hadde *hlemmr* som ubunden eintalsform i gammalnorsk.) I det etymologiske kjem hankjønnsordet *kvam* (= 'trong (og stutt) dal, vik eller avkrok') fullt ut på linje med nemninga *lem*. I gammalnorsk vart ordet *kvam* skrive *hvammr* i ubunden eintalsform. Nemninga *kvam* finn me att i ein god del norske stadnamn. I valet av skrivemåte til namneformer som har ein hovudlekk med bunden form av denne nemninga, bli det teke utgangspunkt i uttalen; i dei tilfella der namnet er uttala med *lang vokal* i første stavinga i hovudlekk, blir det vanlegvis tilrådd å nytta skrivemåtane *Kvamen* / *-kvamen* (i eintal) og *Kvamane* / *-kvamane* (i fleirtal). (I Haram kommune er skrivemåten *Kvamen* vedteken i eitt tilfelle.) Òg i stadnamn som har ei bunden form av nemninga *rim* som hovudlekk, vil det vera naturleg, i valet av offisiell skrivemåte, å ta omsyn til om rotvokalen kort eller lang i den lokale munnlege namnetradisjonen. Bruk av lang rotvokal i den nedarva uttalen utgjør venteleg ein viktig del

av grunnlaget for operera med *Rimane* som offisielle skrivemåte av eit eigedomsnamn på Ellingsøya.

I stadnamn ser substantivet *rim* ut til å vera brukt (samanliknande) om svakt stigande låge rygger (i eit elles flatt landskap). Ein svak hankjønnsvariant av substantivet, det vil seia ei nemning med forma *rime* (i gammalnorsk: *rimi*), ser ut til å vera lagd til grunn for hovudlekken i ein del norske stadnamn. (Jamfør til dømes det som står på side 168 i NG XIII om namnet på gnr. 381 i Haram kommune. Dette namnet er uttala med lang vokal i første stavinga, og det er vedteke at det skal skrivast *Reme* i offentleg samanheng.)

Den uttaleforma som det aktuelle namnet på Flem er ført opp med på nettsida Fylkesatlas, er med *kort vokal* i første stavinga. Dette harmonerer med det som Kartverket har fått opplyst frå ein informant dei har vore i kontakt med og med den uttaleopplysninga i bygdeboka for Haram som det er synt til i oppstartsbrevet. Sidan det i den lokale munnlege namnetradisjonen ser ut til å vera ein gjennomført bruk av ein kort rotvokal, finn me det rettast å tilrå at bruksnamnet blir skriva med *dobbel m*.

/ eller e i første stavinga

Det som er skriva ovom her, i det første avsnittet som gjeld denne einskildsaka, gir oss grunn til tru at det er vanlegast i dag å nytta ei uttaleform som inneheld ein rotvokal som ligg nærare */i/* enn */e/*. Av det som er skriva der, går det òg fram at det er ein viss tradisjon for å skriva namnet med forma *Rimma*. Me har òg nemnt at Marit og Petter Flem skriv at «[d]et som er brukt her er enten *Rimma* eller *Remma*». Camilla Flem Otterlei peikar i si høyringsfråsegn på det at namnet er skriva *Rimma* i ei bygdebok for Flemsøya.

Det vart vedteke i 1992 at eit bruksnamn på Haramsøya skal skrivast *Rimma* i offentleg samanheng. Same året vart det vedteke at namna på to naturlokalitetar på Flemsøya skal skrivast *Legerimma* og *Midtrimma*. Dette er med og styrkjer grunnlaget for å tilrå at det bruksnamnet me har føre oss i denne saka, får *Rimma* som offisiell form.

Etter ei samla vurdering finn me det rettast å tilrå at skrivemåten ***Rimma*** blir vedteken.

Namnet på ein naturlokalitet på Fjørtofta


I den gjennomførde lokale høyringa kom det ikkje inn merknader som var knytte til denne einskildsaka.

I oppstartsbrevet frå Kartverket står det slik om det namnet det er tale om her:


«Herredsregisteret har oppslagsform *Kimen*, uttale /kʲimij̯/, på -å. *Fjellknaus på Fjørtofta*.

Fylkesatlas har oppslagsform *Kjeman* med uttale /'Ke:maN/. Økonomisk kart og Norge 1:50 000 har *Kjemannen*. Kartverket mottok en informantopplysning i 2023: "To kimar, Store og Ihle. Felles Kje:mannj."»

Her må det presiserast at det går fram av den uttaleforma som er førd opp i Heradsregisteret for stadnamnet *Kimen*, at namnet er uttala med tostavingstonelag. (På den namnekortkopien som er limd inn nedom her, ser ein at det etter den lange vokalen i første stavinga er skriva eit «accent grave-teikn», det vil seia det aksenteiknet som merkjer tostavingstonelag.) Dette



tyder då at det i dette tilfellet er tale om eit svakt hankjønnsord. I den innkomne informantopplysninga er det nemnt at det dreier seg om «[t]o kimar», og det syner seg at det i Heradsregisteret, i tillegg til namnet med oppslagsforma *Kimen*, òg er registrert eit avleidd namn med forma *Littlekimen*. Det er opplyst at det sistnemnde namnet gjeld ein «[f]jellknaus ved Kimen». (Sjå den kortkopien som er limd inn nedom her.) I informantopplysninga som er kommen inn til Kartverket, er det skrive at «Kje:männj» er nytta som fellesnamn til dei to



lokalitetane. På sida Fylkesatlas er dette namnet registrert med oppslagsforma *Kjeman* og uttaleforma /'Ke:maN/. (Me vél å sjå det slik at når det i denne noterte uttaleforma er skrive ein apostrof, må dette skuldast ein tastefeil. Apostrofen er til vanleg nytta for å fram at det aktuelle ordet eller namnet er uttala med einstavingstonelag, men me tolkar oppføringa i Fylkesatlas slik at det dreier seg om ei fleirtalsform av hankjønnsordet *kime* / *kjeme* (m.), det vil då seia at det er tale om ei namneform som må ha tostavingstonelag.) På sida Fylkesatlas er «Vesle Kjemannen» («/'vesle "Ke:maN*n/») registrert som namn på den minste av dei to

lokalitetane. Det sistnemnde namnet må vera laga i seinare tid og då etter at namneforma *Kjemannen* har vorte kjend som den forma som er nytta på offentlege kart. (Sjå det redigerte utsnittet frå sida Norgeskart som følgjer her.) Den minste av dei to lokalitetane er utan namn



på dei offentlege karta. På dei næraste naboøyane i vest, Flemsøya og Haramsøya, er det SSR-registrert to fjellparti som begge ber namnet *Mannen*, og på Haramsøya er det i tillegg registrert eit fjell med namnet *Håmannen*. Substantivet *mann* (m.) er lagt til grunn for hovudlekken i ein god del fjellnamn i Noreg. Det kan henda at dette var medverkande då det vart valt å nytta skrivemåten *Kjemannen* då namnet på Fjørtofta skulle registrerast i SSR. (Det er mogleg at ein har tenkt at førelekken kjem av nemninga *kje* (n.; = 'killing / unge til ei geit (eller eit rådyr)').) Alt tyder på at hovudlekken i det nedarva namnet på Fjørtofta ikkje har noko med nemninga *mann* å gjera.

Kim(e) eller *Kjeman(e)*

Det svake hankjønnsordet som det etter alt å dømma er tale om i denne einskildsaka, har rettskrivingsforma *kime*. Dei tydingsvariantane som er nemnde i dei gjeldande rettskrivingsbøkene, er 'lite planteanlegg i dvaletilstand i frøet' og 'spire; opphav'. Det som står på side 267 i Alf Torp si *Nynorsk etymologisk ordbok* (frå 1919), tolkar me slik at det er same ordet som òg er nytta som ei topografisk nemning med tydingane '(strimmel med) småskog' og «ganske liten græsgrodd strimmel mellom klipper». På det redigerte utsnittet frå sida Norgeskart som er limt inn ovom her, går det fram at det i det området på Fjørtofta som dreier seg om i denne saka, finst fleire strimlar og krullar med småskog. Nemningsforma *kjem(e)* ser ut til å finnast i 16 SSR-registrerte stadnamn på Vestlandet, blant anna i namneforma *Kjemane* i Aure kommune og i formene *Kjemmrøra*, *Kjemmlia* og *Kjemmelva* i Molde kommune. Så langt me kan sjå, er skrivemåten *kim(e)* ikkje nytta i SSR-registrerte namn i denne landsdelen. Me finn det likevel mest tilrådeleg at første stavinga i det aktuelle namnet på Fjørtofta blir skriven *Kim-*. Dette heng delvis saman med det at det er denne skrivemåten som ligg nærast den munnlege namneforma som vart registrert i 1925. Vidare har det då noko å seia at den nemninga det er tale om her, har skrivemåten *kime* som rettskrivingsform. Me har inntrykk av at hankjønnsordet *kime* i dag blir nytta mest med tydingane 'spire' og 'opphav (til) (/ årsak til)'. I denne bruken av nemninga verkar det absolutt mest vanleg å nytta den uttaleforma som har ein rein */i/*-lyd i første stavinga. Det er understreka i føremålsparagrafen (§ 1) i stadnamnlova at ein i offentlig samanheng bør nytta ein skrivemåte «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet». Dei gjeldande rettskrivingsordbøkene gir ikkje grunnlag for å operera med eit skilje mellom to

appellativformer, éi form med skriftbiletet *kime* og med tydinga 'spire' og éi form med skriftbiletet *kjeme* og med tydinga 'strimmel med gras eller småskog'. (I denne samanhengen kan det vera verdt å merkja seg at Alf Torp i omtalen av den aktuelle topografiske nemninga nyttar skrivemåten *kime* og berre denne som oppslagsform. (Jamfør blant anna med side 267 i Alf Torp si *Nynorsk etymologisk ordbok*.)

I Haram kommune er det gjennomført namnesak for til saman 72 namn med fleirtalsendingane *-ane* og *-an*. Skrivemåten *-an* er vedteken i sju av dei 72 sakene. I alle dei sju tilfella dreier det seg om namn på fastlandsdelen av kommunen. Det tyder at det korkje på Fjørtofta eller på nokon av dei andre av Nordøyane finst vedtekne namneformer med artikkelforma *-an*. På og attmed Fjørtofta finst blant anna desse vedtekne formene: *Bardane*, *Blåtane*, *Fjørtoftsvikane* og *Flørimmane*. Dette gjer at me vil tilrå at det namnet på Fjørtofta som det er tale om i denne saka, blir skriva med endinga *-ane*. (På og i nærleiken av øyane Ona, Sandøya og Harøya i nørdeste delen av Ålesund kommune er det SSR-registrert tre vedtekne namneformer med endinga *-an* (*Rembåskallan*, *Søreggskallan* og *Ytre Holmeskallan*), men samstundes er det her registrert fleire vedtekne skrivemåtar med *-ane* som fastsett artikkelform. Dette gjeld blant anna namneformene *Oddane* (tre ulike stader), *Seiskallane*, *Ballane*, *Tussane*, *Bollane*, *Braskane*, *Storbraskane*, *Knappane* og *Ramnane*.) Etter ei samla vurdering verkar det rettast å tilrå at stadnamnet blir skriva *Kimane* i offentleg samanheng.

Namnet på eit fjell attmed sørenden av Vestrefjorden

I oppstartsbrevet frå Kartverket står det slik om dette namnet: «Første utgave av økonomisk kartverk har *Øttrefjellet*. Andre utgave har *Ottrefjellet*. Fylkesatlas for Møre og Romsdal har oppslagsformen *Ottrefjellet* med uttale /"øtre,fjeLe/. En lokal informant opplyste på e-post til Kartverket i oktober 2025 at uttalen er med /ø/, og at *Ottrefjellet* oppleves som feil.» (Otto Lidvar Græsdal går òg i si fråsegn inn for skrivemåten *Øttrefjellet*.)

I Fylkesatlas er det frå Sunnmøre og Romsdal registrert blant anna desse primærnamnformene med føreleiken *Otre-* / *Øtre-*:

Normert form (framlegg)	oppskrivarform	uttaleform	(tidl.) kommune
Otreberget	Otreberje	/,outrə'berje/	Vanylven
Otredroga	Otredroja	/,otrə'drɔ:ja/	Sande
Otredroga	Øtredrøja	/' øtre,drø:ja /	Ørskog
Otredroga	Åtredroja	/,åtrə'drou:ja/	Herøy
Otredroga	Øtredrågja	/' øtre,drå:ja /	Haram
Otrefolda	Øtrefolda	/' øtre,fålda /	Haram
Otrehammaren	Otrehammarennj	/,Otrə'hamareN/	Sande
Otrehola	Øtrehøla	–	Stranda
Otreholene	(Øtr(eh)øl(e)'ne)	/' øtre,hø:l*ne /	Skodje
Otreneset	Otrenese	/'o:trə,ne:se/	Ålesund
Otreskredene	Åtreskredinje	/,åtrə'skre:dINe/	Herøy
Otreskylet	Otreskyle	/,outrə'sKy:le/	Vanylven
Otresteinane	Åtresteinanje	/,åtrə'stæi:naNe/	Herøy

Otresteinane	Otresteinanje	/'otre,stæi:naNe/	Ålesund
Otresteinene	Otresteinenej	/,Otre'stei:neN/	Sande
Otresteinene	Otresteinene	/'outre,stæi:neN/	Vanylven
Otresteinene	Øtrestein	/' øtre,stæi:n*n/	Haram
Otreurda	Otreura	/'outre,u:ra/	Vanylven
Otreurda	Otreura	/' ø:tre,u:ra/	Ålesund
Otreurda	Øttrura	/' øtre,u:ra/	Sykkylven
Otreurdene	Otreurinje	/,Otre'u:riNe/	Sande
Otrevatnet	Øtrevatnet	/' øtre,vatne/	Sula

Det aktuelle fjellnamnet i Haram kommune og eit namn som er avleidd av det, er registrerte slik på sida Fylkesatlas:

Otrefjellet	Øtrefjellje	/'øtre,fjeLe/
Otrefjellhalsen	Øtrefjellhalsen	/'øtrefjeL,hals*n/

I Fylkesatlas finst det ingen namnepostar der *Øtr-* er førd opp som føreslegen normert skrivemåte av førstestavinga når denne er uttala med ein /ø/-lyd.

I namnelista ovom her kjem det fram at førelekken for det meste er uttala med /ø/-lyd i dei namna som er registrerte i kommunane som ligg mellom Romsdalsfjorden og Storfjorden på Sunnmøre. I tillegg er det ført opp to namn med normeringsforma *Otre-* i kommunane Stranda og Sykkylven, og begge dei to namna er registrerte med ein uttale med /ø/ i framlyd.

Truleg heng førelekken i alle dei nemnde namna på sida Fylkesatlas saman med dyrenemninga *oter* (m.). Det aktuelle fjellet i Haram kommune er forma slik at det så gjerne kan minna om ein krylrygga oter. I nord smalnar fjellpartiet av i ein skrånande bergrinde som ber namnet *Halsen*. (Jamfør med det som kjem fram på nettsida Norgeskart.) Me har tidlegare i dette brevet peika på det at det i føremålsparagrafen i stadnamnlova står at ein i offentleg samanheng bør nytta ein skrivemåte «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet». Det vart vedteke i 1992 at det fjellnamnet det er tale om i denne saka, skal skrivast **Otrefjellet** i offentleg samanheng. Me tilrår at ein held fast denne skrivemåten. Me kan ikkje sjå at det i den siste saka har komme til nye moment som ikkje var kjende for stadnamntenesta i 1992.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonulent